

Plassering av byggverk nær nabogrense

Plan- og bygningslova av 2008 § 29-4 andre ledd seier at dersom anna ikkje er bestemt i plan (til dømes reguleringsplan), skal byggverk ha ein avstand frå nabogrense på minimum 4 meter. Same paragraf seier vidare i tredje ledd at kommunen kan godkjenne byggverk plassert nærare eller i nabogrensa når eigar (festar) av naboeigedomen har gitt skrifteleg samtykke.

Dette med avstand til nabogrensa har òg med brannkrav å gjera. Byggteknisk forskrift av 2010 (TEK10) § 11-6 andre ledd seier at innbyrdes avstand mellom byggverk på ulike eigedomar skal vere minimum 8,0 meter for å hindre rask spreiding av brann. Avstanden mellom byggverk kan likevel vere mindre enn 8 meter dersom bygga blir oppført med brannmotstand etter gitte brannteknisk krav. 8-meterskravet er med andre ord ikkje absolutt.

Skrifteleg samtykke frå nabo

Som eigar/festar av gnr. _____ bnr. _____ fnr. _____

erklærer eg/vi

(Namn og adresse – bruk blokkbokstavar)

(Namn og adresse – bruk blokkbokstavar)

(Namn og adresse – bruk blokkbokstavar)

at oppføring av (type byggverk) _____ på gnr. _____ bnr. _____ fnr. _____

kan plasserast inntil _____ meter frå nabogrensa mot min/vår eigedom slik det går fram av

vedlagt situasjonsplan av (dato) _____.

Samtykket til plasseringa er basert på fylgjande vilkår (set kryss):

Alternativ 1

Eg/vi er kjend med at eg/vi fråskriv meg/oss retten til å oppføre byggverk på min/vår eigedom nærare ovannemnde tiltak enn det som er fastsett i TEK10 § 11-6 om brannteknisk avstand mellom byggverk.

Alternativ 2

Samtykke til plasseringa er gitt på vilkår av at nemnde byggverk på gnr. _____ bnr. _____ fnr. _____ blir oppført brannteknisk på ein slik måte at det ikkje får konsekvensar for min/vår rett til å føre opp byggverk på min/vår eigedom.

Dette samtykket blir oppheva dersom tiltaket ikkje blir byggesøkt og godkjent innan eitt år og/eller dersom eit eventuelt byggeløyve fell bort. (Eit byggeløyve fell bort dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan tre år.)

(Stad) _____ (dato) _____

(Signatur(er)) _____

Underskrift av eigar/festar til gnr. _____ bnr. _____ fnr. _____